

Burmagjengen

16.08.2017



"Burmagjengen" samla på trappa ved det gamle gardshuset på Dønhaug.

**Har du hørt om Burmagjengen eller B- gjengen som ei venegruppe med medlemer frå heile landet likar å kalla seg. Bakrunnen er ei Albatrossreise til Burma i 2012 der 14 medlemer i reisefylgje valde å møtast att på Sildajazzen i Haugesund året etter. Dermed var det gjort. Kvart år etter det møtest gruppa andre helga i august. Ei kultuell hending, som Kammermusikkfestivalen i Rosendal, er ofte avgjeande for valet av plassen. Dønhaug Gjestegard var ein prima plass å bu.**

Bjørn Bugge frå Haugesund er talsmann for gruppa. Han fortel at Burma opna sine grenser for turistar i 2012. På avslutningsmiddagen kom han til å sei at til neste år vert alle inviterte til Haugesund. Over halve gruppa tente på ideen. I åra etterpå har vengruppa vore på Peer Gynt selet på Gålå, på Hurumlandet med Oscarsborg festning og Fliflet fyr, i Lofoten/Vesterålen og no sist i Kvinnherad og Uskedalen.



I programmet vart det lagt inn helikoptertur over fjella i Kvinnherad.

Medlemene i gruppa har ein variert yrkesbakgrunn,- som flygar i Forsvaret, psykisk sjukepleiar, bankfuksjonær, økonom, pedagog, ingeniør, NRK teknikar og frå kommunal administrasjon. Dei fleste er senioarar i dag.

Venegruppa har ein flat organisasjonsstruktur. Den eller dei som bur nærmeste den plassen dei skal til, må ta arbeidet med planlegging og gjennomføring. Det vert litt verre til neste år for då er reisemålet segltur i Kroatia. Gruppa har ingen kontakt i mellomperioden. Ved avreise plar ein sei: Ja, så møtest vi fredag om eit år kl. 14.

Bjørn Bugge er godt nøgdt med opphaldet i Uskedalen. Han loyprisar vertsskapet på Dønhaug for god service og hjelp. Gruppa fekk bruka hovudhuset, kjellaren og heile tunet til sine aktivitetar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal